EIDFJORD KOMMUNE

PLANPROGRAM

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL
EIDFJORD KOMMUNE
2023-2033

Plan ID 2022001

Vedtak Eidfjord formannskap 14.09.2022

Vedtak Eidfjord kommunestyre 17.10.2022



Foto: Anne Kommedal

Innhald

1 Føremål med planarbeidet 5
2 Føringar for planarbeidet 6
2.1 Globale føringar 6
2.2 Nasjonale føringar 7
2.2.1 Lovverk 7
2.3 Regionale føringar 8
2.4 Lokale føringar 8
2.4.1 Tilhøve til gjeldande samfunnsdel 9
3 Sentrale tema 9
3.1 Bustad og fritidsbustad 11
3.2 Handel, næring og turisme 11
3.3 Infrastruktur 11
3.4 Natur, kultur- og friluftsverdier 12
3.5 Nytting av sjøareal 13
3.6 Mineralressursar 13
3.7 Klausulering av vasskjelder 13
3.8 Bu 14
3.9 Arealrekneskap 14
4 Konsekvensutgreiing 14
5 Risiko- og sårbarhetsanalyse 15
6 Planprosess 17
6.1 Organisering 17
6.2 Framdrift 18
6.3 Medverknad 19
7 Figurlista 19

1 Føremål med planarbeidet

Kommuneplanen sitt føremål etter plan- og bygningslova er å vera kommunen sitt styringsverktøy. Planen skal setja mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga. Kommuneplanen skal leggja føringar for korleis areal og naturressursar skal forvaltast, for både offentleg og privat verksemd. Planen er delt i ein samfunns- og ein arealdel. Dette planarbeidet skal omfatta arealdelen.

Føremålet med å rullera kommuneplanen sin arealdel er fleirdelt. Me vil trekka fram viktige punkt frå kommunen sin planstrategi, til dømes Hardangerviddatunnelane, arealbruk i Simadal og Sysendalen. Eidfjord kommune har auka kommunearealet ved inngangen til 2022, då Ytre Bu no er del av kommunen. Me har og ei utfordring knytt til Tussafoten og dens påverknad på Øvre Eidfjord som må handterast. I tillegg til nemnde spesifikke tema, ser me behov for å retta i arealføremål og føresegner knytt til ulike område i kommunen. På eit overordna nivå er målet å fastsettja ein plan som i størst mogleg grad vert forstått og etterlevd av publikum, politikarar og administrasjon, og som reduserer behovet for dispensasjonar.

Jamfør pbl § 4-1 legg me fram eit planprogram som ledd i varslinga av planoppstart. Me vil gjennom planprogrammet ta føre oss føringar for planarbeidet på ulike nivå. Me vil gå gjennom kva som vil vera fokusområde i planarbeidet, korleis planen skal konsekvensutgreiast og korleis ein risiko- og sårbarheitsanalyse vil trekkast inn i dette. Planprogrammet skal også syna korleis planprosessen er planlagt organisert og kva tidsperspektiv me har på framdrifta.

2 Føringar for planarbeidet

Planarbeidet vil verta bygd på planar og strategiar frå fleire nivå i planhierarkiet. Kommuneplanen sin samfunnsdel vert den viktigaste rettesnora for prioriteringane som må gjerast ved utarbeidinga av kommuneplanen sin arealdel, då samfunnsdelen stiller mål for kommunen og lokalsamfunnet, som skal gjenspeglast i arealdelen. Dei overordna satsningsområda i samfunnsdelen er bukommunen, opplevings- og besøkskommunen og arbeidskommunen Eidfjord.

Videre i kapittelet vil me syna korleis ulike føringar i form av mål, planar og strategier frå globalt, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå vil vera nytta i utforming av planarbeidet.

2.1 Globale føringar

Me lever i ei tid med ein verdensomspennande målestokk, verden er globalisert som aldri før. Me er knytt saman på økonomiske, politiske, materielle og kulturelle premissar gjennom vidstrokne kontaktar og påverknader.

FNs generalforsamling har vedtatt 17 utviklingsmål som skal syta for ei berekraftig utvikling i verda. Måla sett søkjelys på å sosial, miljømessig og økonomisk berekraft på tvers av arenaer, fag og sektorar.

Figur 1 – FNs 17 berekraftsmål. Henta frå FNs nettsider.

I den store verda kan me føla oss små, likevel er kommunane nøkkelaktørar for å skapa berekraftige leveområde for eigne innbyggare. Som kommune er me ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til innbyggarane. Kommunen skal gjennom sitt arbeid ha fokus på kva konsekvensar vala me tek i planen har for dei sette felles måla.

2.2 Nasjonale føringar

Noreg har felles mål rundt forvaltning av areal på nasjonalt nivå, sml. pbl. § 6-1, som skal fylgjast opp på fylkes- og kommunenivå. Målsetjinga med å leggja nasjonale føringar, er for å sikra nasjonale og regionale interesser på best mogleg måte, men halda fast ved eit lokalt sjølvstyre. For dei neste åra legg regjeringa vekt på utfordringar som omhandlar å skapa eit berekraftig velferdssamfunn. Desse gjeld det sosiale, dessutan ein offensiv klimapolitikk og forsvarleg ressursforvaltning.

I tillegg til ei overordna føring, har me fleire statlege planretningsliner som fylgjer.

- Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag (1994)
- Rikspolitiske retningsliner for barn og planlegging (1995)
- Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)
- Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan

2.2.1 Lovverk

Relevant lovverk som rulleringa av kommuneplanen sin arealdel vil måtta forhalda seg til. Lista er ikkje uttømmande.

- Lov om erverv og utvinning av mineralressursar (minerallova)
- Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldlova)
- Lov om friluftslivet (friluftslova)
- Lov om jord (jordlova)
- Lov om kulturminner (kulturminnelova)
- Lov om laksefisk og innlandsfisk mv. (lakse- og innlandsfisklova)
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova)
- Lov om vern mot forureinsninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift til minerallova
- Forskrift om begrensing av forureinsning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealføremål og kommunalt planregister (kart- og planforskrifta)
- Forskrift om konsekvensutgreiingar
- Forskrift om nydyrking
- Forskrift om rammer for vassforvaltninga
- Forskrift om vassforsyning og drikkevatn (drikkevassforskrifta)

- Byggteknisk forskrift (TEK17)

2.3 Regionale føringar

På eit meir spesifisert nivå har me regionale føringar. Desse ligg under dei nasjonale føringane og er meir konkret retta mot landsdelen. De regionale planane har fokus på Vestlandet og regionen sine særtrekk.

Me vil trekka fram Utviklingsplan for Vestland og Regionalplan for Hardangervidda som viktige planar for utviklinga i Eidfjord. Utviklingsplanen for Vestland fylke peikar på klimaomstilling, balansert areal- og naturressursbruk, grøn konkurransekraft og gode transportsamband, dessutan smart mobilitet som utfordringar for fylket og regionen dei kommande åra. Regionalplan for Hardangervidda legg føringar for ei styrka forvaltning av fjellområde som er spesielt viktig for villreinen si framtid i Noreg.

I regionen er det stor aktivitet, og fleire vedtekne planar som kan ha relevans for arbeidet.

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional transportplan for Hordaland 2018-2029
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for folkehelse Hordaland 2014-2025
- Regional plan for Hardangervidda 2019-2035
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion
- Planstrategi. Ein plastfri natur og eit plastfritt Vestland
- Strategi for vidare utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland
- Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda – *under arbeid*

2.4 Lokale føringar

På lokalt nivå er kommuneplanen sin samfunnsdel i Eidfjord styrande. Planen har fokus på tre område: bu-, arbeids- og opplevingskommunen Eidfjord. Planen legg føringar for å fortetta, auka bustadmassen og skapa eit trygt oppvekst- og bumiljø. Me skal legga til rette for å skapa ei større reiselivsomsetting med næringsvekst og betre kapasitet. Vårt storslåtte kulturlandskap skal me syta for å forvalta gjennom eit livskraftig landbruk med berekraftig produksjon.

Kommunen har fleire vedtekne lokale planar som legg føringar for samfunnet si utvikling.

- Planstrategi for 2019-2023

- Kommunedelplan for Sysendalen (2019)
- Kommunedelplan for trafikksikring (2012)
- Sti- og løypeplan for Sysendalen 2013-2025
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020 – *rullering under arbeid*
- Kulturminneplan (2019)
- Kommmunedelplan for energi og klima 2020-2030
- Kommunedelplan for naturmangfald (2022)

Kommunedelplanen for Sysendalen vert vedteke i 2019. Planens føremål var tredelt; a) utvikling av alpindestinasjon Eidfjord Resort, b) formalisera vedteken sti- og løypeplan, c) endring av føremål fritidsbustad til bustad. Planarbeidet tok føre seg Sysendalen som eit utbyggingsområde, og det vert utarbeida plankart, planomtale og føresegner. Me ser nå moglegheita til å implementera kommunedelplanen for Sysendalen inn i kommuneplanen sin areladel.

2.4.1 Tilhøve til gjeldande samfunnsdel

Arealdelen kan rullerast for seg sjølv, eller saman med resten av kommuneplanen. Det er eit stort lyft for ein liten kommune å ha gode prosessar for gjennomgang av kommuneplanen som ein heilheit. Kommunestyret har vedteke å starta opp arbeidet med rullering av arealdelen. Samfunnsdelen vert ikkje rullert no, då denne er av nyare dato. Me vurderer at samfunnsdelen er fungerande sett i samband med dagens tema, og at planen har relevante målsetnader gjennom gode bu- og oppvekstvilkår, vekst i næring og arbeidsplassar, samt setta Eidfjord på kartet som ein turistdestinasjon. Gjennom arbeidet med rullering av arealdelen vil me forsterka dette.

3 Sentrale tema

Dei generelle trekka for Eidfjord kan kort oppsummerast til at kommunen har relativt lågt innbyggjertal, stort areal, kraftproduksjon og stor fritidsbustadutbygging. Til tross for høgt arealtal, ligg størstedelen av arealet utilgjengeleg som fjellheim. 90% av kommunen sitt areal ligg over 900 moh.. Dette kan me sjå i figur 2 som syner stor andel open fastmark. Dette gjer vala i etablering av område for bustad, fritidsbustad, næring og annan infrastruktur utfordrande. Figur 3 syner korleis det bebygde arealet i Eidfjord er fordelt. Ein stor del av arealet er knytt til transport og teknisk infrastruktur.



Figur 2 Ubebygd areal i Eidfjord kommune. Henta frå Statistisk sentralbyrå, tal frå 2020.



Figur 3 Bebygd areal i Eidfjord kommune. Henta frå Statistisk sentralbyrå, tal frå 2020.

3.1 Bustad og fritidsbustad

Bustadtomter har gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel frå 2015 vore eit fokusområde. Med lite tilgjengeleg areal, må me nøye vurdera kvart areal me har foran oss. Høg grad av arealutnytting vert viktig. Kommunen ynskjer å styrka Eidfjord som bustadkommune, og dernest fortetting og auka bustadmasse.

Det er, og har i mange år vore, høg utbyggingstakt på fritidsbustadar i Sysendalen. Fritidsbustaden er blitt *«den andre heimen»*, og dernest har standarden og krava auka betrakteleg. Me vert difor nøydde til å sjå kva behov fritidsbustadeigarar vil ha for framtida, og leggja til rette for dette. Arealbruken i Sysendalen er eit viktig tema i arbeidet.

3.2 Handel, næring og turisme

I planarbeidet er arealbruk knytt til handel, næring og turisme naudsynt å sjå på. Dette gjeld både areal knytt til kraftproduksjon, industri- og næringsområde, og areal knytt til curiseturisme og annan turistverksemd.

Areala i Simadal må trekkjast inn i rulleringa av kommuneplanen sin arealdel som eit område med stort potensial.

I Eidfjord sentrum finn me næring og industriområde hovudsakeleg på Lægreid og langs hovudfartsåra Rv7. Gjennom arbeidet med ny arealdel vil me vektleggja næringsareal. I sentrumsområda vil arealutnytting og fortetting vera nøkkelord for å oppnå målsetjinga.

3.3 Infrastruktur

I planarbeidet vert det naturleg å arbeida på eit overordna nivå med infrastruktur som omfattar veg, parkering, tunnelar og leidningsnett for framtida.

Eidfjord har eit samla sentrumsområde med gangavstand til det mesta. For å ivareta denne verdien er det viktig å leggja opp til gode løysinger som ivaretar mjuke trafikantar. Me vil tilretteleggja for ein god vegstruktur med gang- og sykkelfelt, samt stier og overganger. Gjennom arbeidet vonar me sikra trafikkforhold gjennom Øvre Eidfjord til Hjølmodalen.

Med elektrifisering av cruisesektoren vil behovet for landstraum markera seg. Kommunen må som eit ledd i utviklinga legga til rette for straumforsyning til skipa med etablering av landstraumstrafo på eit gunstig område.

Ny trasé for Rv7 er eit tema som vert sentralt i planarbeidet. Trafikken over Hardangervidda er føreslege lagt i fleire tunnelar for å verna om villreinen, og for å gjera vegen tryggare og meir framkommeleg året rundt. Å gjera vurderingar og setja av areal til framtidig utbygging av tunnelane vert eit fokusområde i arealdelen.

Veginfrastruktur og parkering er ei utfordring både i sentrum og på Hardangervidda. Eidfjord har lågt innbyggjartal, men turistflyten er stor. Bygda må utformast på ein måte som skal kunna handtera tusentals av cruiseturistar, hyttefolk og vitjande i bil, bubil og buss. Dei populære utfartsområda vert fort overfylt av ivrige vitjande.

3.4 Natur, kultur- og friluftsverdier

Eidfjord er ein rik natur- og friluftskommune. Dalføret er også registrert som kulturlandskap av nasjonal interesse. Store delar av kommunen sitt areal er bandlagt i høge fjellplatå, verneområde og nasjonalpark. Utbyggingsområda i Sysendalen kjem tett på randsonene for sensitive område. Når mobilitetssonene vert strekt ut, vil nye område verta tatt i bruk og igjen legga press på naturen.

Eidfjord strekk seg frå fjord til fjell, som byr på variert natur og stort naturmangfald. Kommunen innehar store naturverdier i form av artsmangfald me må ta vare på, både knytt til dyr, landskapsformer og naturtypar.

For Hardangervidda pågår nå to større prosjekt: Hardangerviddatunnelane og utarbeiding av regional sti- og løypeplan. Begge prosjekta har som føremål å leggja til rette for å betra villreinen si moglegheit til å nytta og trekka mellom de ulike funksjonområda sommar-, vinter- og kalvingsområde innanfor leveområdet.

Eidfjord er ein viktig stad for friluftsinteresserte, både lokale og tilreisande. Fjorden og fjellet er mykje brukt, der fjellturar, skiturar og hausting frå naturen i form av jakt, fiske og sanking er svært viktig. Sysendalen og strekket opp til kommunegrensa på Hardangervidda er eit viktig utgangspunkt for aktivitetane, både sommar og vinter.

I nedre del av Eidfjord er kulturminneområda Hæreid og Lægreid viktige. Gravfeltet på Hæreid er det største gravfeltet på vestlandet frå jernalderen, og eit av dei største i Noreg. Områda er flate terrassenivå, og vert idag nytta til landbruksføremål. Slike område er viktige å forstå verdien av, og handtera dei deretter. Samstundes må dette sjåast i samanheng med landbruksføremål og busetjinga i området.

Øvre Eidfjord er eit viktig landbruksområde i kommunen med dyrka marker og husdyrhald. Arealet er grunna bruken sparsomeleg bygd. Også her er det eit gravfelt frå jernalder, og fleire spredte gravrøyser. Her må kommunen ta klare val rundt retningsliner for eventuell omdisponering og nytting av areal.

Kommunen ynskjer å nytta massar frå utbygging som ressurs for samfunnet. Overskotsmassar i utbyggingsområde skal så langt som mogleg nyttast innan korte avstandar i frå opphavsstaden, og nyttast til dømes til istandsetting og tilarbeiding av terrenget. Massar frå tidlegare dyrka arealer, bør nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal.

Frå gamalt av har fleire gardsbruk i Eidfjord støl på fjellet i tilknytning til drifta. Kommunen ser behov for klårgjering av retningsliner og føresegner rundt bygging i stølsbol for å sikra bruk og verdiar for framtida.

I rulleringa av arealdelen ser kommunen det naudsynt å klargjera retningsliner rundt LNF-område, strand- og vernesoner. Her er det få retningsliner og føresegner i dag, noko som gjer det vanskeleg å forhalda seg til i regulering- og byggesaksarbeid. Målet er å setja retningsliner som me lettare kan arbeida etter.

3.5 Nytting av sjøareal

Eidfjordsvassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag, men har stor nasjonal og lokal verdi som laksefiskeområde. Kommunen har på tidlegare tidspunkt ynskt at Hardangerfjorden skal vera ein nasjonal laksefjord, og at det ikkje må tillatast utviding av oppdrettsaktivitet eller slakteri i Eid- og Simadalsfjorden.

I akvakulturforvaltninga skal føre-var-prinsippet leggjast til grunn, slik at risikoen for uheldige konsekvensar skal vera så låg som mogleg. I regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger heiter det at indre del av fjordarmen ikkje har høveleg vassutskifting, og vil difor vera mindre eigna for akvakultur. Bestandstatus frå 2016 syner at laks i midtre og indre delar av Hardangerfjorden er dårleg. Me kan sjå ein klar samanheng mellom intensitet av oppdrettsproduksjon og risiko for rømming og produksjon av lakselus. Planen syner til at utvida akvakulturareal i Hardangerfjorden vil ha negativ verknad på anadrom villfisk og deira vandringsruter.

På grunnlag av dette må kommunen ta stilling til vern og bruk av sjøområde. Det er stor etterspurnad etter å få etablera oppdrettsanlegg i Hardangerfjorden. I tillegg til dette må me vurdera sjøflybruk, cruiseanløp og tilhøve rundt ankring og hamnebruk. Sjøareal og kystlina er under press, her må me fatta medvitne val.

3.6 Mineralressursar

Dalførene rundt Eidfjord er gode døme på isen si ferd og forming av landskapet. Isen har skore seg ned, det har fløymt breelver med lausmassar som vert avsett i ulike høgdenivå nedover Øvre Eidfjord og Eidfjord. Gjennom avsmelting og landheving har elvene sett spor. I Eidfjord har me difor store førekomstar av breelvavsettingar, elveavsettingar, morenemassar og nyare skredmateriale frå fjellsidene. Av fast berggrunn er bergartsmøntera prega av migmatikk, granitt og granittisk gneis, alle grunnfjellsbergartar.

I Simadal har me to masseuttak av større skala, i desse anlegga vert det teke ut grus. Førekomstene i nemnde området er av stor lokal verdi.

3.7 Klausulering av vasskjelder

Etter forskrift om vassforsyning og drikkevatn pliktar kommunen seg i § 26 at omsyn til drikkevatn skal medreknast når arealdelen av kommuneneplanen skal utarbeidast.

Kommunen må vurdera behov for restriksjonar for å skydda råvasskjelder og vasstilsigsområder.

3.8 Bu

Frå årsskifte 2022 vart Ytre Bu del av Eidfjord kommune. Området må med som nytt areal i kommuneplanen sin arealdel. Me vil i planarbeidet sjå på Indre og Ytre Bu under eitt, Bu.

3.9 Arealrekneskap

Kommunen ser at å utføra ein arealrekneskap for kommunen vil styrka arealbruken. Ein arealrekneskap er eit verktøy for å tydeleggjera kor mykje areal som vert avsett til utbygging i åra framover, dessutan skapa ei bevisstgjering av til dømes kor mykje dyrka jord eller område med naturmangfald som vert nytta. Kommunen ynskjer å nytta ein arealrekneksap til å sjå kvar me har utbyggingspotensiale, og om det er nokre stadar som har vore avsett til utbygging lenge, men ikkje er nytta, som kan omdisponerast til andre føremål.

Ein arealrekneskap skal vera eit hjelpemiddel i å forstå kor mykje byggjeareal kommunen har til rådigheit og kva råmer kommunen forheld seg til. Arealrekneskapen er fyrst nyttig når han syner ei oversikt over utbyggingspotensialet i noverandre og framtidige områder, og samstundes syner verdiane i dei områda som vert bygd ned. Rekneskapen kan då nyttast som kunnskapsgrunnlag og rettleia i vurderinga om arealutviklinga er i tråd med kommunen sine eigne målsetjinger eller føringer frå regionale og nasjonale mynde. Ein slik rekneskap vil også kunna rettleia oss i klimautfordringar, med å grunngje vala me tek. Tiltaket vert trekt fram som eit nyttig verktøy i planprosessar i forklarings- og forståingsøyemed for både politikarar og administrasjon om til dømes val av område me tek inn eller ut av planarbeidet.

4 Konsekvensutgreiing

Plan- og bygningslova har sett krav om at alle planar skal ha ei skildring av planen sine verknader. Forskrift om konsekvensutredninger § 6 syner til at kommuneplanen sin arealdel alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram for utgreiinga. Konsekvensutgreiinga skal sikra omsynet til miljø og samfunn gjennom planprosessen, gjennom å syna verknader av at nye område vert sett til utbygging, eller vesentlege endringar i arealbruk i eksisterande byggeområde.

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er eit stort og omfattande arbeid med eit langt perspektiv. Difor er det viktig at konsekvensutgreiinga har fokus på strategiske problemstillingar og tema for noverande situasjon og inn i framtida.

I samband med arbeidet med ein ny arealdel til kommuneplanen vil me:

- Nytta eksisterande kunnskap for relevante tema i arbeidet
- Framskaffa ny kunnskap ved behov
- Sjå på alternativ for korleis enkeltområde skal utgreiast
- Vurdera den samla arealbruksendringa
- Vurdera ein langsiktig strategi for arealbruk
- Stilla krav til dokumentasjon frå forslagsstillarar

Konsekvensutgreiinga skal framsetja spørsmål knytt til lokalisering og arealføremål for tiltaket. Me skal sjå på viktige miljø- og samfunnsverdiar i føreslåtte utbyggingsområde, verknadene utbygginga kan få på desse verdiane, og kva som kan gjerast for å avbøta dei negative verknadene som ein eventuell konsekvens av utbygginga eller endringa i arealbruken får.

I prosessen må me sjå kvar enkelt utbygging eller endring for seg sjølv, men me skal og vurdera korleis den samla arealbruksendringa i planen vil verta. Her kjem me inn på det overorna nivået, kor langsiktigheita på kommuneplanen sin arealdel er essensiell.

I konsekvensutgreiinga av planen vil me fokusera på fylgjande overordna tema:

- Beredskap og ulykkesrisiko
- Befolkninga si helse, born og unge, universell utforming
- Friluftsliv og rekreasjon
- Foruereining og klimatilpassing
- Kulturminner og kulturmiljø
- Landskap, sikring av jord- og mineralressursar
- Naturmangfald
- Transport og infrastruktur

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel har Eidfjord fokus på å vera ein god bustad-, opplevings- og besøkskommune. Kommuneplanen sin arealdel skal fylgja opp desse måla gjennom disponering av areal. Val i prosessen skal spegla samfunnsdelen sine fokusområder og verta føringa for arealforvaltning med omsyn for til dømes klimatilpassing, naturmangfald og kulturlandskap.

5 Risiko- og sårbarhetsanalyse

Jamfør pbl. § 4-3 skal det i samband med utarbeiding av planar utførast ein risiko- og sårbarhetsanalyse for planområda. Analysen skal syna risiko- og sårbarhetstilhøve som har ei betydning for om areal er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike tilhøve som fylgjer av planlagt utbygging.

Som ei bygd inst i ein fjord, med høge fjell på alle kantar, er skred noko me må forhalda oss til, både lausmasse-, fjell- og snøskred. I tillegg til skred vil klima og vassrelatert naturfare, som auka vassføring og overvatn, og vera utfordrande faktorar i samfunnsutviklinga. Løysningar som fremja sikkerheit, og ikkje legg opp til potensiell fare er å føretrekka.

Tussafoten i Øvre Eifjord har siden 2017 vorte kartlagd av NGU. Området er eit ustabilt og oppsprukket fjellparti i migmatitt, og som beveger seg. Tussafoten er klassifisert som eit høgrisikoobjekt som krev kontinuerleg overvaking. Fjellpartiet er delt i to scenario, kor begge scenarioa har eit årleg sannsyn for skred mellom 1/100 og 1/1000. Dette vil prega arealplanlegginga i Øvre Eidfjord sterkt.

Den årlege sannsynet for fjellskred er så stort at det i store delar av Øvre Eidfjord i prinsippet berre er bygg meint for kort personopphald, t.d. garasjar og uthus, som kan førast opp.



Figur 4 - Illustrasjon av faresonar ved ras frå Tussafoten. Henta frå NVE 10.03.22.

Flaum er eit viktig aspekt i planlegging. For kommunen vart det gjort ei flaumsonekartlegging i 2005. Denne er vurdert som utdatert av NVE, og dei vil i løpet av perioden 2021-2025 gjennomføra ei ny kartlegging av flaumsoner i kommunen.

Klima seier nokre om været over tid. Etter 1950 har me sett større endringar i klimaet som konsekvens av auka innhald av drivhusgassar i atmosfæren frå menneskeleg

aktivitet. Me ser auka temperatur og nedbør, endring i havnivå og smelting av isbrear, sjø- og landis. Endringar i faktorane påverka leveområda våre, og me må tilpassa levemåten vår. Klimaendringane førar mellom anna med seg tap av biologisk mangfald, endringar i jordbruket, konsekvenser for helsetilstanden, vassføring og kraftprodksjon.

Med større mobilitet som fylgje av auka utbygging, vil naturmangfald verta sett under press. Me har eit felles ansvar om å vita kva mangfald me har i kommunen, og forstå korleis me skal bevara det. Målet er å heva kunnskapen gjennom kommunedelplanen for naturmangfald, temaet vil verta ein større del av utgreiinga i nye reguleringsplanar.

6 Planprosess

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er ressurs- og tidkrevjande vil strekka seg over fleire år. Målet i oppsett plan er å verta ferdige i desember 2023.

6.1 Organisering

Kommunestyret har ansvaret for og leiinga av kommuneplanlegginga (pbl § 3-3), og er oppdragsgjevar for arbeidet med å rullera kommuneplanen. Det vil under kommunestyret verta sett ned styringsgruppe, prosjektgruppe og arbeidsgruppe.

Styringsgruppa vil verta førelagt dei politiske spørsmåla gjennom planarbeidet, samt ha jamnlege møter med prosjektleiar. Administrasjonen vil oppnemna prosjektleiar som tar del i prosjektgruppa saman med rådmann, einingsleiar D&F og leiar for kultur, næring og berekraft. Arbeidsgruppa vil stå for den operative prosessen med planrulleringa. For delar av planarbeidet vil me nytta innleigd konsulent. For rådgjeving vil me nytta ressursar internt, dessutan ekstern rådgjeving som til dømes Planforum Vestland.



Figur 5 – Syner organiseringa av rullering av kommuneplanen sin arealdel.

6.2 Framdrift

Rulleringa av kommuneplanen sin arealdel vil ha oppstart frå årsskifte 2022.

I midten av mars har kommunen delteke på regionalt planforum for rådgjeving til arbeidet med rulleringa av arealdelen. I same månad skal forslag til planprogram fremjast saman med varsel om oppstart av planarbeidet. Vedtaket skal etter planen på

høyring i starten av april. Innspel til planprogrammet vert gjennomgått på førsommaren, før planprogrammet vert fastsett i august/september.

Gjennom hausten 2022 skal det gjennomførast fleire opne temamøte (t.d. om næring, landbruk, hyttebygging, turisme mfl.), dessutan folkemøte der innbyggjarar og interessenter får koma med innspel. Innspela vert gjennomgått, og styringsgruppa vil gjera val om kva tema me går vidare med.

Utpå våren i 2023 planlegg me ekstern rådgjeving i regionalt planforum, før saksframlegget ferdigstillast og leggast fram til handsaming hjå formannskapet og utlegging på høyring. Sommaren vert nytta til høyringsperiode, og nye innspel vert vurdert gjennom hausten. Det er lagt opp til slutthandsaming i formannskapet og kommunestyret i desember 2023.

6.3 Medverknad

I pbl. § 5-1 vert det lagt til grunn at einkvar som fremjar eit planforslag, skal legga til rette for medverknad. Kommunen har ei særskild rolle i å sikra aktiv medverknad frå grupper som treng spesiell tilrettelegging, til dømes barn og unge.

Arealdelen er eit viktig styringsdokument i kommunen. Me vil leggja opp til at både innbyggjarar, næringsliv og offentlege aktørar skal ha gode høve til å kunna medverka. Kommunen vil etter pbl. § 5-3. delta på regionalt planforum for innspel. På oppsette tidspunkt vil me også retta oss mot innbyggarar gjennom å arrangere folkemøte og oppsøkja viktige grupper i samfunnet slik dei får fremja sine synspunkt i prosessen. Når planen byrjar å nærma seg ferdigstilt, vil den verta send ut på høyring og offentleg ettersyn, jf. pbl. § 5-2. Planen vert då sendt ut til alle statlege, regionale og kommunale mynde, dessutan andre offentlege organ, private organisasjonar og institusjonar som vert berørt av planforslaget.

7 Figurlista

Figur 1 – FNs 17 berekraftsmål. Henta frå FNs nettsider. 6
Figur 2 Ubebygd areal i Eidfjord kommune. Henta frå Statistisk sentralbyrå, tal frå 2020..... 10
Figur 3 Bebygd areal i Eidfjord kommune. Henta frå Statistisk sentralbyrå, tal frå 2020..... 10
Figur 4 - Illustrasjon av faresonar ved ras frå Tussafoten. Henta frå NVE 10.03.22. 16
Figur 5 – Syner organiseringa av rullering av kommuneplanen sin arealdel..... 18